



Arkoconsult AS
Tom Andre Sivertsen
Fossen Senter
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1597 - 14/16506

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
04.07.2014

Løyve til igangsetting - gbnr 188/784, Gjervik ytre - bustad

Tiltakshavar: Rune Alver Nilsen
Ansvarleg søkjar: Arkokonsult AS, 5281 Valestrandsfossen
Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-1, jf. § 21-2, 5. ledd.

SAKSUTGREIING:

Saka gjeld søknad om igangsetting av grunnarbeid og rørleggararbeid. Kommunen har i vedtak av 24.03.2014 gjeve rammeløyve. Det vert elles vist til søknad mottaken 04.06.2014.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 04.06.2014 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, var 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2. Vi seier oss leie for at sakshandsaminga har tatt for lang tid.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 vert det gjeve løyve til igangsetting for grunnarbeid (graving, boring og sprenging) og rørleggararbeid (legging av utvendige rør). Rammeløyve av 24.03.2014 med vilkår gjeld for tiltaket.

Med heimel i plan- og bygningslova §23-3 jf. §§ 23-5 (PRO)/23-6 (UTF) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

Funksjon	Føretak	Org. nummer	L/S*	TILT. KL	ANSVAROMRÅDE
PRO/UTF	Alversund Maskinstasjon AS	937664044	S	1	grunnarbeid
PRO/UTF	AS Haugland VVS	931442295	S	1	rørleggararbeid

S*= sentral godkjenning. L= lokal godkjenning.

Mynde



Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

10.2. Søknadspliktige tiltak	Gebyr
10.2.8 Løyve til igangsetting	Kr. 2.800,-
10.3.3 Godkjenning av ansvarsrett. Kr. 1.000,- pr. føretak med sentral godkjenning x2	Kr. 2.000,-
Totalt gebyr å betala	Kr. 4.800,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Rune Alver Nilsen

Bruvegen 54

5914

ISDALSTØ

Mottakarar:

Arkoconsult AS

Fossen Senter

5281

VALESTRANDSFOSSEN